

# Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Aukra kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Vedteke av Aukra kommunestyre 25. april 2017 med heimel i *lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning § 16-1 andre ledd.*

## § 1. Generelle føresegner

Kommunen sine abonnentar betalar for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter, og dessutan av kommunale forskrifter og reglement. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor:

- *Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg*
- *Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning, kapittel 16*
- *Forskrift 28. november 2016 nr. 1143 om vass- og avløpsgebyr i Aukra kommune* (dette dokumentet)
- Gebyrregulativ for det einskilde år
- *Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, tekniske og administrative bestemmelser*
- *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14)*

## § 2. Føremålet med forskrifta

Forskrifta fastset berekningsmåte og gebyrplikt for kommunen sine vass- og avløpstenester.

## § 3. Definisjonar

I denne forskrifta meinast med:

- a) Abonnent: Eigar eller festar av eigedom som er tilknytt kommunen sitt avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt. I burettslag og sameige er burettslaget eller sameiget abonnent.
- b) Eigedom: Fast eigedom registrert med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- c) Abonnement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vass- og avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sine vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilknytning via privat felleisleidning vert rekna som abonnement.
- d) Sanitærinstallasjonar: Abonnenteigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor husets yttervegg, som er tilknytt vass- og/eller avløpsanlegg.
- e) Privat vass- og avløpsanlegg: Abonnenteigde private leidningar (stikkeleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg, som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.
- f) Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- g) Bygg/bygning: Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer i matrikkelen.
- h) Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bustad, kontor, verkstad og lager.
- i) Bueining: Brukseining som er definert som bustad eller bueining i matrikkelen. Som bueining reknast kvar og ei brukseining som har minst eitt rom og eigen inngang, og der ein har tilgjenge til vatn og toalett utan å gå gjennom anna brukseining.
- j) Bustad/bustadeigedom: Eigedom med bygg som vert brukt til bustadføremål, medrekna fritidsbustad. Bygningstype 111 – 163 etter NS-3457.
- k) Fritidsbustad: Bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstype 161 – 163 etter NS-3457.
- l) Kombinasjonseigedom: Eigedom med ei eller fleire bueiningar, i tillegg til ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad. Eigedom med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk vert klassifisert som kombinasjonseigedom.
- m) Næringsseigedom: Eigedom som ikkje er bustad, fritidsbustad eller kombinasjonsbygg. Bygg for offentlege føremål vert klassifisert som næringsbygg.
- n) Burettslag/sameige: Bygg som vert brukt til bustadføremål og som er regulert av *lov om burettslag* eller *lov om sameige*.
- o) Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og berekna med utgangspunkt i NS-3940. Garasjar, uthus, anneks, utvendige buer og naust vert ikkje medrekna som bruksareal for bustad- og kombinasjonseigedom (Bygningstype 181 – 183 etter NS-3457).

## § 4. Generell gebyrplikt

Plikta til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld følgjande abonnentar:

- a) Fast eigedom som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom privat samleleidning.

- b) Eigedom som kommunen i medhald av *plan- og bygningsloven* § 27-1 eller § 27-2 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

## § 5. Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- Eingongsgebyr for tilknytning til høvesvis vatn og avløp.
- Årsgebyr for høvesvis vatn og avløp (summen av fast og variabel del).
- Frammøtegebyr for avlesing av vassmålar.
- Gebyr for stenging og påsetjing av vassforsyninga.

## § 6. Gebysatsar

Gebysatsane vert årleg vedteke av kommunestyret, og trer i kraft frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer. Gebyra skal fullt ut dekkje kommunen sine kostnadar ved levering av tenestene regulert av denne forskrifta.

Gebysatsane kjem fram av gebyrregulativet, og er tilgjengelege på kommunen sine heimesider.

## § 7. Arealberekning metode

Dersom gebyrberekninga vert gjort avhengig av bustaden sin storleik, skal det vere bruksarealet (BRA) berekna etter NS-3940 som dannar grunnlaget for gebyrfastsetjinga.

## § 8. Tilknytingsgebyr

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr og vert betalt etter fastsette kategoriar i gebyrregulativet.

### § 8-1. Gebyrplikt

Gebyr for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg skal betalast for:

- Ny tilknytning av eigedom.
- Tilknytning av eksisterande eigedom, eller eigedom som kommunen krev tilknytt.
- Eksisterande eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent.
- Anna permanent tilknytning til kommunalt vass – og/eller avløpsanlegg.

Tilknytingsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp skal ikkje betalast for:

- Bygg som har mellombels tilknytning i opptil eitt år, til dømes brakkerigg. Dersom tilknytninga varer i meir enn eitt år, skal det verte kravd tilknytingsgebyr.
- Gjenoppføring av tilknytt bygning.
- Særskild tilknytning av sprinklaranlegg.

### § 8-2. Ansvar og betaling

Den som er abonnent på det tidspunktet gebyrplikta oppstår, er ansvarleg for betaling av gebyret og vil få tilsendt faktura.

Gebyret vert fakturert etter gjeldande sats når igangsetjingsløyvet vert gjeve.

Tilknytingsgebyr skal vere betalt før tilknytning.

For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend, vert tilknytingsgebyr betalt etter gjeldande sats på det tidspunktet kravet vert framsett.

## § 9. Årsgebyr

### § 9-1. Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som:

- er tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg.
- er pålagt tilknytning i medhald av lov og fristen for tilknytning er utgått.

For nybygg vert årsgebyr berekna frå dato mellombels bruksløyve er gjeve, eller frå dato eigedomen vert teken i bruk dersom mellombels bruksløyve ikkje er gjeve. For eksisterande bygg vert årsgebyr berekna frå dato for tilknytning.

Gebyrplikta er uavhengig av om det er utandørs tappepunkt/vasspost eller om det er innlagt vatn. Vassforbruk til sprinklaranlegg er ikkje gebyrpliktig.

### § 9-2. Gebyret sin oppbygning

Årsgebyra for vass- og avløpstenester er samansett av to delar:

- Abonnementsgebyr (fast del).
- Forbruksgebyr (variabel del).

Inntektene frå abonnementsgebyret skal fortrinnsvis dekkje vass- og avløpstenesta sine forventa kapitalkostnadar.

Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel del, vert kvart år fastsett i gebyrregulativet.

### § 9-3. Abonnementsgebyr

Bustadeigedom og fritidsbustader skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining.

Følgjande eigedomar skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til den einskilde eigedom. Kategoriane går fram av gebyrregulativet.

- a) Nærings- og kombinasjonseigedom
- b) Sprinklaranlegg.

### § 9-4. Forbruksgebyr

Abonnentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert vassforbruk i m<sup>3</sup>. Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk.

Det vert ikkje gjeve nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

Som hovudregel gjeld at avløpsmengda vert rekna lik vassmengda ved berekning av forbruksgebyr. Unntak frå dette er nemnt i § 9-7, femte ledd.

### § 9-5. Betaling etter målt forbruk

Forbruksgebyr etter målt forbruk skal betalast for:

- a) Næringsseigedom, medrekna bygg for offentlege føremål.
- b) Kombinasjonseigedom, medrekna eigedomar med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk.
- c) Anlegg med varig eller mellombels tilknytning i samband med oppføring av bygg eller anlegg. Dette gjeld og for anlegg på ein ikkje utbygd eigedom som kunne vore kravd tilknytt etter *plan- og bygningsloven* § 27-1 eller § 27-2 dersom den hadde vore utbygd.
- d) Eigedom med symjebasseng.

Desse eigedomane skal:

- e) ha installert vassmålar.
- f) lese av vassmålaren minst éin gong i året, og levere resultatet til kommunen.

For mellombelse tilknytningar kan kravet om vassmålar fråvikast dersom vassmengda kan verte fastsett på andre måtar. Dersom det ikkje er mogleg å installere vassmålar kan kommunen fastsetje eit stipulert forbruk.

### § 9-6. Betaling etter stipulert forbruk

Bustader som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk.

Stipulert forbruk vert berekna ut frå bustaden sitt bruksareal etter eit høvetal mellom bruksareal og vassmengd. Høvetalet går fram av gebyrregulativet.

For eigedom som etter § 9-5 skal ha vassmålar og der dette ikkje er installert, vert det berekna eit stipulert forbruk med utgangspunkt i eigedomens totale bruksareal.

Garasjar, uthus, anneks, utvendige buer og naust vert ikkje rekna som bruksareal for bustad- og kombinasjonseigedom.

### § 9-7. Reduksjon av eller tillegg til årsgebyr

Restriksjonar på vassforbruket, avbrot i vassleveransen eller i mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra.

Fråflytting eller fråvære gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra. Er bustad/bygg på eigedomen fjerna, eller øydelagd slik at den ikkje kan verte brukt, betalast årsgebyr inntil stikkledning er fråkopla (plugga) ved hovudledninga.

Ved søknad til kommunen kan abonnenten få fritak for årsgebyret når eigedomen fysisk vert fråkopla kommunalt leiingsnett. Abonnementet tek slutt når melding om plombering er motteke. Ny tilknytning av eigedomen utløyser ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Både arbeidet med å kople frå og ny tilknytning vert utført for abonnenten sin kostnad og etter kommunen si tilvising. Om kommunen utførar stenging eller påsetjing av vassforsyninga skal det betalast eit gebyr for dette. Gebyret går fram av gebyrregulativet.

For eigedom som ikkje vert brukt som bustad, og der kommunen sine kostnadar ved vassproduksjonen er vesentleg lågare enn annan vassproduksjon, kan forbruksgebyret for vatn reduserast etter avtale.

For eigedom som ikkje vert brukt som bustad, og der avløpsmengda er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket, kan avløpsgebyret verte berekna ut frå målt avløpsmengd, eller verte fastsett etter særskild avtale med kommunen.

For eigedom der avløpsvatnet si samansetjing avvik frå vanleg hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan kommunen fastsetje eit tillegg til avløpsgebyret til dekning av meirkostnadane. I slike tilfelle vert det inngått ein separat avtale mellom kommunen og abonnenten.

## **§ 9-8. Gebyrreduksjon i medhald av *forbrukerkjøpsloven* sine reglar om prisavslag**

Abonnten har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av *forbrukerkjøpsloven* sine reglar om prisavslag. Abonnten har rett til redusert forbruksgebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varer i meir enn 24 timar.

Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen er skulda forhold på kommunen si side, til dømes forureining i vassskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarsforholdet.

Generell tilråding om kokning som tryggleikstiltak etter trykkfall som følgje av reparasjon, spyling, brannsløkking mv., gjev ikkje gebyrreduksjon.

Krav om redusert gebyr må verte fremja innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Sats for gebyrreduksjon vert fastsett i gebyrregulativet.

## **§ 9-9. Pålegg om utbetring**

Kommunen kan krevje dekt alle kostnader direkte knytt til tiltak som følgje av at abonnent har unnlate å etterkome pålegg om å utbetre lekkasjar på eigedomen si vassleidning eller manglar ved avløpsanlegg eller sanitærutstyr. Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevje at eigar av tilknytt stikkleidning set i verk tilsvarande omlegging eller utbetring.

Gebyrpliktig som unnlet å etterkome pålegg om utbetring av lekkasjar som medfører forureining kan verte kravd tvangsmulkt etter *forurensningsloven* § 73.

## **§ 9-10. Ansvar for opplysingar om abonnement**

Abonnten skal melde frå til kommunen om endringar i abonnementsforholdet. Inntil kommunen har motteke melding og oppdatert abonnementsdata frå matrikkelen, skal abonnten betale årsgebyr som tidlegare.

## **§ 9-11. Ansvar for gebyra**

Abonnten har ansvar for betaling av årsgebyret, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnten eller annan rekningsmottakar.

Abonntar som samarbeider om felles vass- eller avløpsmålar, er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter *lov om eierseksjoner*, er kvar abonnent ansvarleg for mengdevariabel del av gebyret i samsvar med sin eigarpart, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameiget sine vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

## **§ 9-12. Retting av feil gebyrberekning**

Har mangelfulle eller feil opplysingar ført til feilaktig gebyrberekning, skal berekninga rettast og differansen verte gjort opp. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert normalt ikkje dekt.

## **§ 10. Føresegner for installasjon og bruk av vassmålar**

Føresegnene for vassmålarar gjeld tilsvarande for eventuelle avløpsmålarar.

### **§ 10-1. Installasjon**

Kommunen bestemmer kor mange vassmålarar den einskilde eigedom skal ha, og dessutan type, storleik og plassering på vassmålararen.

Kommunen skal godkjenne den som skal stå for installasjon og vedlikehald, og dessutan eventuell flytting, utskifting eller fjerning av målararen.

Dersom eksisterande eigedom med vassmålar vert oppdelt i nye eigedomar, skal kvar av de nye eigedomane ha eigen vassmålar.

Abonntar kan samarbeide om felles vassmålar der det vil vere særleg kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyr vert fordelt på abonnentane etter reglane i § 9-11, 2. ledd.

Eksisterande eigedom skal installere vassmålar i samband med endring på sanitærinstallasjonar. Nye abonntar skal installere vassmålar.

Pålagt vassmålar for ny eigedom skal vere installert seinast når det vert gjeve mellombels bruksløyve eller eigedomen vert teke i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert tilknytt. Dersom dette vert unnlate, skal abonnten betale stipulert årsgebyr etter § 9-6.

For installasjon og bruk av vassmålar gjeld elles kommunen sine tekniske føresegner.

### **§ 10-2. Eigarforhold og kostnader**

Ved installasjon av ny vassmålar skal kommunen stå som eigar av denne. Installasjonskostnader vert dekt av abonnten. For anskaffing og vedlikehald av vassmålararen vert det betalt ei årleg leige. Pris for leige av vassmålar

kjem fram av gebyrregulativet. Dersom ein vassmålar vert borte eller skadd, skal abonnenten omgåande melde dette til kommunen. Kommunen tek atterhald om retten til å krevje full erstatning for tap eller skade.

### **§ 10-3. Avlesing av vassmålar**

Abonnenten skal lese av vassmålararen så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist. Tidspunkt for avlesing vert fastsett i gebyrregulativet.

Unnlèt abonnenten å lese av vassmålararen kan kommunen etter purring fastsetje årsgebyret etter skjøn. Dersom abonnenten unnlèt å foreta avlesing kan kommunen sjølv setje i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og kan krevje særskild gebyr for dette.

### **§ 10-4. Tilsyn og vedlikehald**

Abonnenten skal halde vassmålararen lett tilgjengeleg for avlesing, tilsyn og vedlikehald.

Abonnenten skal føre tilsyn med vassmålararen. Abonnenten er også ansvarleg for å følgje med på forbruksutviklinga, slik at lekkasjar eller feil vert oppdaga snarast mogleg. Vert ein vassmålar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Broten plombering av vassmålararen vert også rekna som skade.

Kommunen kan føre tilsyn med vassmålararen. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg utan oppmoding.

### **§ 10-5. Nøyaktigheitskontroll**

Både kommunen og abonnenten kan krevje nøyaktigheitskontroll av vassmålararen.

Dersom kontrollresultatet ligg utanfor feilmarginen etter § 10-6, vert det utført ei justering, eventuelt utskifting av vassmålararen, utan utgifter for abonnenten.

Dersom abonnenten har kravd nøyaktigheitskontroll og det ikkje vert påvist feil utanfor feilmargin, vert kostnadane betalt av abonnenten.

### **§ 10-6. Avrekning ved feilmåling**

Dersom vassmålararen ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling av for mykje betalt årsgebyr som følgje av feilmålinga. Er plomberinga broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga vert rekna frå det tidspunkt ein legg til grunn at feilen må ha oppstått.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert ikkje dekt.

Viser vassmålararen meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

### **§ 10-7. Utskifting og flytting**

Er målenøyaktigheita for dårleg, bestemmer kommunen om vassmålararen skal verte justert eller utskifta. Når vanleg levetid for ein vassmålar er nådd, kan kommunen bestemme at vassmålararen heilt eller delvis skal skiftast ut.

Kommunen kan krevje flytting av vassmålar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonnenten kostar på slik flytting.

## **§ 11. Innbetaling av årsgebyr**

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter *panteloven* § 6-1. Gebyra kan verte kravd inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

### **§ 11-1. Innbetaling**

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert innkravd på felles faktura.

Avlesing av målt vassforbruk vert gjort minst éin gong pr. år. Forbruksgebyret vert betalt à konto basert på forbruket året før. Avrekning skjer på 1. termin (faktura) året etter. Dersom abonnenten sitt vassforbruk har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto beløpet. Abonnenten skal verte varsle før slik endring finn stad.

Faktura vert sendt til abonnent.

Eigedomar med felles vassmålar og som har avtalt med kommunen at dei skal fakturerast felles, vert fakturert via ein eigar/festar av eigedomen eller særskild avtalt rekningsmottakar.

Årsgebyra vert kravd inn over eit tal terminar som vert fastsett i gebyrregulativet. Det er ikkje høve til å avtale avvikande tal termininnbetalingar.

### **§ 11-2. Manglande innbetaling**

Dersom årsgebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at den gebyrpliktige har motteke andre gongs varsling om innbetaling, kan kommunen stengje den kommunale vassforsyninga til eigedomen så frammt kommunelegen ikkje motset seg avstenginga.

Kommunen kan gje den gebyrpliktige eit tilleggsgebyr i samband med stenging og påsetjing av vassforsyninga. Tilleggsgebyret vil utgjere kommunen sine faktiske kostadar med stenging og påsetjing av vassforsyninga.

## **§ 12. Klage og omgjøring**

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ, jamfør *forvaltningslovens* føresegner.

Einskilde vedtak gjort i medhald av denne forskrifta, kan klagast til særskild klagenemnd, jamfør *forvaltningsloven* § 28, andre ledd.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er klaga inn.

## **§ 13. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2017.

Frå same tid vert tidlegare forskrifter om vass- og avløpsgebyr i Aukra kommune oppheva.